



INVITASJON TIL FJORDSTEAM I FLORØ 6. – 9. AUGUST 2015

Det er ei stor glede for oss i Atløys Venner å kunne invitere til **Fjordsteam** i Florø 6. – 9. august 2015. Etter suksessen i 2010 er vi oppmoda av fleire, både lokalt og frå veteranbåtmiljøet om å gjenta suksessen. Det gjer vi med glede, og ser fram til 4 minnerike dagar i august neste år.

Gjengen på DS Stavenes frå 1904 arbeider for harde livet for å bli klar og kunne komme for eiga maskin. Venteleg vil ho få følgje av mange gamle båtar inn på Florevika torsdag 6. august i 2015, - for eiga maskin for første gang på over 45 år.

Vi skal lage 4 dagar med fokus på fjorden og kysten og båtane som brukte denne riksvegen til å utvikle landet og knytte by og bygd saman. I over hundre år var fjordabåtane det viktigaste framkomstmiddlet for folk i fjordfylket Sogn og Fjordane når dei skulle lengre enn nærmeste granne. Fjordabåtane, om dei no gjekk med damp eller olje, var sjølve pulsåra for svært mange av bygdene i fylket. Alle hadde naturleg nok sterke meiningar om både båtar og rutetider, og i ein kystby som Florø er minna mange og meiningane framleis sterke. Som ein av få kommunar langs kysten har vi enno ein rutestruktur med 4-5 "fjordabåtar" som enno dagleg bringer folk til og frå arbeid og skule frå dei mange busette øyane i Floraskjergarden.

Vi skal lage 4 sosiale dagar, der vi skal spreie kultur, historie, opplevelingar, glede og begeistring. Florø er ein liten og intim by, i ein enno levande skjergard som byr på mange overraskinger for både lokale og besøkande. Alle kaier, heile sentrum og heile distriktet skal takast i bruk! Det vert eit intimt treff, der det er kort veg mellom båtar og folk. Her blir det tett mellom kjentfolk frå andre båtar og dei gode historiene. Alle fartøytypar er velkommen, og vi skal få plass til alle. Byen og distriktet vil garantert få med seg stemnet!



Foreløpig har vi laga følgjande skisse for program:

Onsdag 5/8

Båtane går samla frå Bergen og Ålesund mot Florø om morgonen med overnatting undervegs og den første sosiale samlinga på kvelden. Truleg vert det Skjerjehamn og Måløy, men ruta er enno ikkje klar. Frå Bergen er det Øyvin Konglevoll frå «Stavenes» og «Granvin» som organiserer.

Torsdag 6/8

vert det besøk av fleire hamner langs kysten, og innkomst til Florø på felles tidspunkt på ettermiddagen. Båtane seglar saman på delar av ruta, og samlar seg igjen for felles konvoi frå Hellefjorden via Stabben med DS Stavenes og MS Atløy i front. Offisiell opning, og samling i mannskapsteltet på kvelden.

Fredag 7/8

vert det rutehistorisk dag der publikum vert invitert med på turar i distriktet med både bussar og båtar. Her kan alle være med, og billettar vil verte selde på førehand. Samling for alle mannskap på kvelden. Revy, torgaktivitetar, demonstrasjonar, veteranbussar, faglege seminar og småkurs med forskjellige tema.

Laurdag 8/8

Torgdag der fleire av båtane går tidlig ut i distriktet mellom Stavenes og Kalvåg for å hente folk til Florø. Gamle bilar, samarbeid med grendalaga, Bondens Marknad, 200 veteranbilar, folkevogn treff, brannbilar, konsertar, revy og eit yrande liv. I 2010 rekna politiet med at det var 10.000 i sentrum, og det er mykje i vesle Florø. Allsong, Retur på tidlig ettermiddag, slik at alle farty er tilbake i Florø seinast 18:00.

Om kvelden vert det kulturkveld med middag for deltakarar med og dans. Programmet er langt frå spikra, men vi har kjende namn på blokka.


Søndag 9/8

Etter offisiell avslutning vert det kappkjøring mellom båtane frå Florølykta til Stabben og retur.



Mogeleg felles tur etter stemnet;

Etter avslutning av Fjordsteam går dei båtane som ynskjer det i samsegling inn Sognefjorden for tur og ferie med Flåm og Gudvangen som naturlig mål. Gje oss melding om det er interesse for det. Nokre skal kanskje til Trebaatfestivalen i Ulsteinvik påfølgande helg.



Sett derfor av perioden 6. - 9. august neste år allereie no. Vi er skal by Dykk på 4 minnerike dagar på eit intimt stemne i ein intim by der det gjerne vert meir sosialt og tett mellom båtane enn i større byar. På www.fjordsteam.no og på facebook (søk på Fjordsteam) vil de kunne finne oppdatert informasjon, og det vil også komme informasjon til påmeldte på mail etterkvart.

Florø er ikkje stort, men vi har bra med kaier og skal love plass til alle som melder seg innan 10/4. Fyll ut det vedlagde skjemaet og send til post@fjordsteam.no. Er det noko de lurer på er det berre å ringe underteikna eller stemneleiar Jan Henrik Nygård på 913 82 511.

Vel møtt!

Med beste helsing
FJORDSTEAM 2015

Sander Ødelien
900 51 867
leiar@fjordsteam.no

FJORDSTEAM 2015

Hamregata 36, 6900 FLORØ, tlf 913 82 511, post@fjordsteam.no